

Forskrift om skulefritidsordninga for Vikeså skule og Bjerkreim skule, Bjerkreim kommune

Heimel:

Fastsett av kommunestyret xxxxxxxx med heimel i lov 9.juni 2023, nr 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

§ 1 Eigarforhald

Bjerkreim kommune eig og er ansvarleg for drifta av skulefritidsordning (SFO) på Bjerkreim og Vikeså skule. SFO vert drifta av den enkelte skule.

SFO er organisert under tenesteområde oppvekst og kultur.


SFO ved kvar skule har ein dagleg leiar, men rektor ved skulen har det overordna administrative og økonomiske ansvaret for ordninga. Kommunestyret har det politiske ansvaret for forvaltninga av skulefritidsordninga i kommunen.

§ 2 Opptaksmyndigheit

Rektor ved den einskilde skule er opptaksmyndigheit til SFO.

§ 3 Opptaksriterium

I utgangspunktet får alle barn på 1.-4. årstrinn plass etter søknad. Barn med særskilte behov på 5.-7. årstrinn kan og få plass etter søknad.



§ 4 Opptaksperiode, oppseiing og endring

Søknad om opptak ved SFO skal gjerast elektronisk på skjema i Visma Flyt skule. Informasjon om dette finnест på heimesida til skulen.

Søknadsfristen er 1.mars. Opptak etter hovudopptaket blir vurdert viss det er plass.

Opptaksperiode er som elevane sitt skuleår.

Feriepakkar må bestillast særskilt, og gjeld for dei som har plass i ordninga.

Ein kan søka om enkeltdag. Dette gjeld for dei som har plass i ordninga. Ordninga om 12 timer gratis SFO i veka gjeld ikkje ved kjøp av enkeltdag.

Kommunen tilbyr gratis leksehjelp, og organiserer dette i SFO tida jf. § 4-4 i opplæringslova og § 2-1 i forskrift til opplæringslova.

Ved oppseiing av plass i SFO skal det betalast for inneverande månad pluss neste månad etter oppseiingsdato. Eleven kan nytta tilbodet i oppseiingstida.

Bytte av dag er kun mogleg viss det er plass og bemanninga tilseier det. Eleven kan stå på venteliste for plass.

§ 5 Foreldrebetaling


Betalingsatsar for SFO blir vedteke i kommunestyret i samanheng med budsjettbehandlinga.

Om foreldrebetalinga blir misleghaldt, kan barnet miste plassen i SFO.

Betalinga vert fordelt på 10 fakturaer, første i september og siste i juni. Betalingsfri månad i juli og august.

Det er 12 timer gratis SFO for 1. til 3. årstrinn som har plass i ordninga. Dette gjeld og når ein nyttar SFO i skuleferiane jf § 2-2 i forskrift til opplæringslova.

For elevar med særskilte behov på 5. til 7. trinn er tilbodet gratis jf § 2-3 i forskrift til opplæringslova.



Ettermiddagsmåltid er inkludert i prisen. Søskenmoderasjon på 25% vert gitt frå barn nr 2.

Familiar med låg inntekt kan søka om redusert foreldrebetaling for SFO-plass for barn i 1.-4.trinn, jf opplæringsforskrifta § 2-4. Søknadsskjema ligg under SFO på kommunen si heimeside.

Prisane for SFO frå august gjeld heile skuleåret.

§ 6 Leike- og oppholdsareal

SFO disponerer eigne lokal. I tillegg har dei tilgang til skulen sine lokal og uteareal utanom skulen si opningstid. Det fysiske miljøet skal fremje inkludering, trivsel og læring jf. opplæringslova § 12-2.

§ 7 Dagleg oppholdstid og årleg opningstid

SFO har ope i skuleåret måndag til fredag frå kl.07.00-16.30 i periodar elevane ikkje har undervisning eller friminutt. Opningstida føljer skuleruta.

For haustferie, vinterferie, kvardagar i jule- og påskeferie, tida frå skuleslutt i juni og ut månaden, samt kvardagar i august før skulestart kan ein kjøpa feriepakkar ved SFO Vikeså skule.

SFO er stengd julafta, nyttårsafta, onsdag før skjærtorsdag, i juli månad og på skulen sine planleggingsdagar.


SFO kan kreva betalt for ekstra kostnader som SFO har for elevar som bli henta etter stengetid.

§ 8 Personale og leiing

Rektor ved skulen er SFO sin øvste leiar.

SFO-leiar har ansvar for den daglege drifta av ordninga jf. forskrift om rammeplan for skulefritidsordningar § 1.

Anna bemanning i SFO vert tilsett slik at drift er forsvarleg ut i frå brukarar med særskilte behov, og behovet til gruppa generelt.



§ 9 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft xxxxxxxx

